

**STRAX-HUSET ELLER IKKJE?:** *– Det er ikkje nødvendigvis Strax-huset i Damsgårdsveien vi snakkar om, sa sosialbyråd Lisbeth Iversen (KrF) til helse- og sosialkomiteen, og utløyste dermed meir forvirring om nøyaktig kva byrådet har tenkt om dusjing for tiggarar og andre heimlause.*

# Dusj-spørsmål provoserte byråden

**Sosialbyråd Lisbeth Iversen (KrF) kunne i går ikkje forklare byens sosialpolitikarar kvar dei heimlause skal dusje. Til slutt fekk ho nok av spørsmåla.**

EYSTEIN RØSSUM
ODD E. NERBØ (foto)
eystein.rossum@bt.no

Spørsmålsrunden enda med at ein irritert Iversen sa at «eg har vore med i politikken i ti år, og denne forma har eg aldri opplevd før». Ho reagerte på det ho meinte var for mange og detaljerte spørsmål frå helse- og sosialkomiteen i bystyret.

Utgangspunktet var avgjerda frå Iversen og resten av byrådet, som tysdag kunngjorde at tiggarar, og andre som treng det, skal få dusje på Strax-huset – kommunens tilbod for rusavhengige.

### Fleire Strax-anlegg aktuelle

Den tilsynelatande klare avgjerda viste seg likevel ikkje å vere så klar.

–Eg kan seie ope og ærleg at vi ikkje har hatt noko lang saksutgreiing om nokon alternativ. Nå skal vi prøve dette. Og det er ikkje nødvendigvis Strax-huset i Damsgårdsveien vi snakkar om. Det kan vere andre alternativ. Dette er krevjande for alle, sa Iversen til komiteen.

Strax-huset har aktivitet på fleire adresser i Bergen: I hovudkvarteret i Damsgårdsveien har dei både eit dagsenter og eit tilbod på ettermiddagen. I tillegg ligg ein nattheim og eit LAR-senter for utdeling av metadon og Subutex på same adresse. Men organisasjonen har også LAR-kontor i dei andre bydelane i Bergen, blant anna i Håkonsgaten i sentrum.

–Desse har også toalett og dusjar, sa Iversen.

### Skal sjå på behovet

–Kjem de til å nytte Strax-huset i Damsgårdsveien eller ikkje? Det er eit enkelt spørsmål, sa Linn Kristin Engø (Ap).

–Det kjem vi også til å gjere. Dersom dei ønskjer å gå der. Poenget er at det kjem til å vere nokre stader til, i Håkonsgaten eller andre plassar. Vi kjem til å teste ut, for å sjå om det er behov, sa Iversen.

Opposisjonen ville vite kva slags fagleg grunngjeving byrådet har for å føre tiggarar og andre heimlause saman med dei tyngste rusmisbrukarane i byen.

–Vi skal diskutere korleis dette kan gjerast på best mogleg måte, og vil prøve å kombinere bruken av lokala slik at ingen trakkar oppå kvarandre. Det er eit politisk ansvar som vi tek, sa Iversen.

### – Er som ei høyring

Ho fekk også spørsmål om omlegginga vil føre til større behov for bemanning i Strax-systemet, og om språkutfordringane.

–Dette kan bli eit sjansespel med sårbare menneske, meinte Emelin dos Santos Dias (Ap).

Åsta Årøen (V) ville vite når ordninga skal innførast.

Til slutt fekk Iversen nok.

–Dette er som i ei høyring. Dersom de har så mange spørsmål, får de sende dei skriftleg, så skal eg svare. Eg har møtt her på kort varsel for å gje ei orientering, sa Iversen, og la til at ho aldri hadde vore ute for liknande på ti år i politikken.

–Nå blir det for mykje kjensler her. Byrådet har bestemt seg for å gjere store endringar i ei teneste kommunen driv. Saka har versert i media i fire dagar, med mange ulike meldingar. Difor er det heilt på sin plass at du orienterer komiteen, sa komiteleiar Lien.

### – Iversen er hardt pressa

Etterpå sa komiteleiaren seg like klok.

–Dette var ingen svar. Ho svarer ikkje på utfordringane vi ser, og ikkje på bekymringane vi har for dei tilsette og brukarane ved Strax. Ho svarer ikkje ein gong på om dette skal gå føre seg på Strax-huset, seier Lien.

Ho meiner det kom tydeleg fram at KrF-aren Iversen har vore hardt pressa av Høgre og Frp i byrådet. Iversen ville først bruke offentlege anlegg som Sentralbadet, eit forslag byrådsleiar Monica Mæland (H) ikkje ville stille seg bak.

–Dersom Lisbeth Iversen hadde fått bestemme, ville vi ikkje sett ein slik politikk. Vedtaket står fram som forhasta og dårleg fundert, seier Lien.

Heller ikkje leiaren for Strax-huset, Marta Bjørke, kunne i går svare på korleis tiggardusjinga skal organiserast.

–Vi håpar å vite meir i morgon, sa Bjørke i går.

**fakta**
**dusj for tiggarar**

- Sosialbyråd Lisbeth Iversen (KrF) sa i BT laurdag at fattige og trengjande i Bergen bør få dusje gratis i offentlege anlegg.
- Fleire varsla motstand mot forslaget, blant andre brukarar av Sentralbadet.
- Tysdag slo byrådet og Iversen kontra, og kunngjorde at tiggarar og andre heimlause heller kan få bruke Strax-huset til å dusje.
- Byrådet i Bergen vil ikkje ha eigne dusj- og doanlegg for heimlause, og heller ikkje eit eige overnattingstilbod.
- Dei seier også nei til å søkje om statleg støtte til humanitære akuttiltak for tiggarar.

# Nå gis det solgaranti

**Sol eller regn på 17. mai? Meldingene har gått frem og tilbake hele uken, men nå er meteorologene sikre.**

ERLEND LANGELAND HAUGEN
erlend.haugen@bt.no

Kort oppsummert starter nasjonaldagen litt vått, men så blir alt så meget bedre.

–Det er ikke helt bankers time for time, men prognosene har begynt å sette seg, sier Storm-meteorolog Kristen Myklebust Ravnestad, og fortsetter:

–Det ser ganske lovende ut både for bergensregionen og Hordaland og Sogn og Fjordane for øvrig.

### Krevende fronter

Bakgrunnen er at en front trekker inn over Sør-Norge det kommende døgnet. Den beveger seg vestover og passerer Vestlandet natt til 17. mai. Så går den ut i Nordsjøen og dør ut.

–Denne fronten vil gi ganske mye nedbør østafjells, og den kan også gi litt nedbør på Vestlandet tidlig, tidlig på 17. mai idet den passerer, sier Ravnestad.

Men deretter byr nasjonaldagen stort sett på oppholdsvær.

–Det blir nok en del skyer, men med mulighet for at solen titter frem.

### Opp mot 20 grader

Temperaturen er stigende og kan komme opp i 20 grader i Bergen på nasjonaldagen.

–Det blir i det hele tatt en ganske fin 17. mai, med stort sett tørt vær og gode temperaturer, sier Ravnestad.

Resten av pinsehelgen er like lovende, kanskje bedre.

–Generelt gjennom helgen vil det være høytrykk i Nord-Skandinavia, som sammen med lavtrykk over Europa og Storbritannia gir milde og varme luftmasser inn mot Sør-Norge, og østlig vind som favoriserer oppholdsvær og sol på Vestlandet, sier Ravnestad.

–Det blir en flott pinsehelg, og særlig lørdagen ser veldig bra ut.

# Tatt for bombetrussel

**FLESLAND:** En mann i 40-årene ble i går pågrepet i sin bolig i Bergen, mistenkt for å stå bak bombetruslene som i går ble ringt inn mot et AirBaltic-fly på Flesland. Alle flyene ble i går satt på bakken på Flesland etter at en mann ringte inn flere bombetrusler mot Riga-flyet. Politiet ble varslet om saken litt før klokken 06.00 i går. – Pågripelsen gikk etter det jeg vet rolig for seg. Vi har knyttet ham til saken gjennom oppringninger fra et bestemt telefonnummer. Han har gitt en foreløpig forklaring hvor han knytter seg til saken, sier politiadvokat Liv Giertsen ved Bergen sør politistasjon. – Så langt er vi ikke kjent med noe motiv for truslene, sier Giertsen.